

# **RETNINGSLINER/VEDTEKTER**

## **FOR**

# **VIKE MONTESSORIBARNEHAGE**

**(Januar 2019)**

### **§ 1 Eigar**

Vike Montessoribarnehage er ein privat barnehage, eigmiljø og driven av Vike Montessoribarnehage SA. Styret for barnehagen er ansvarleg organ og representerer eigaren.

### **§ 2 Formål**

Barnehagen skal gi barna gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med heimen. Han skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar (barnehagelova), og dei føresegner og retningslinjer som til ein kvar tid er fastsett av Departementet.

Barnehagen skal formidle sentrale kristne tradisjonar slik dei m. a. kjem til uttrykk ved dei store høgtidene. Barnehagen byggjer på Maria Montessori sine pedagogiske prinsipp.

### **§ 3 Godkjenning**

Antall barn som kan få tilbod om plass i barnehagen kan ikkje overskride den til ein kvar tid gjeldande godkjenning frå Vestnes Kommune.

### **§ 4 Samarbeidsutval**

Samarbeidsutvalet skal ha 3 medlemmer med personlege vararepresentantar:

1 foreldrerepresentant valt av årsmøtet.

1 representant valt av dei tilsette.

1 representant valt av styret for barnehagen.

Eventuelt 1 representant frå kommunen.

Representanten frå foreldra og dei tilsette skal veljast for 1 år om gongen. Valperioden for dei medlemmane som er valt av styret er 2 år. Kommunen kan velje ein representant til utvalet. Denne er valt for 4 år.

### **§ 5 Foreldreråd**

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd i samsvar med forskrift til barnehagelova.

Foreldrerådet er alle foreldre/føresette som har barna sine i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal også ta initiativ til duggnader og hjelpe til med å gjennomføre desse. Møte i foreldrerådet skal haldast minst to gonger i barnehageåret. Det skal førast møtebok. Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær for eitt år om gongen.

### **§ 6 Foreldremøte**

Straks barnehagen har starta opp om hausten skal styrar kalle inn til foreldremøte for å orientere om arbeidet i barnehagen. Dersom det er ønskjeleg kan ein også ha eit foreldremøte om våren. I løpet av året skal foreldra få tilbod om to foreldresamtalar.

## **§ 7 Opptak av barn**

Alle godkjente barnehagar i kommunen samarbeider om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for samordna opptak. Barnehagens godkjenning og rammer er styrande for opptak, brukarane sine behov og ønske skal tilleggjast stor vekt ved sjølve opptaket.

- **Opptaksmynde**

Styrar gjer opptak av barn i samråd med barnehagekonsulenten.

- **Opptakskrets**

Opptak av barn er ikkje geografisk avgrensa.

- **Opptakskriterier**

I prioritert rekkefølgje, etter at krav i Lov om Barnehager, (Barnehageloven), er oppfylt:

- a. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak.
- b. Søsken vil bli prioritert.
- c. Opphaldstid, lengre opphaldstid prioriterast føre kortare opphaldstid.
- d. Barn til føresette med eigarandel prioriterast føre dei utan.
- e. Barn med postnummer 6392 prioriterast
- f. Dernest barn innanfor Vestnes kommune
- g. Tilbodet om barnehageplass gjeld fram til skulepliktig alder.

Opptak av barn utanfor ordinært opptak blir berre gjeve tilbod om oppstart i perioden mellom 1. august og 1. desember.

## **§ 8 Helsemessige forhold**

Før barnet begynner i barnehage skal dei føresette legge fram ei erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema.

## **§ 9 Opningstider og tilbod**

Barnehagen er open frå kl 07.00 til kl 16.30 måndag til fredag. I løpet av barnehageåret skal det etter ein fastsett plan nyttast 5 dagar (37,5 t.) som studie- og planleggingsdagar for personalet. Barnehagen vert stengt på planleggingsdagar og føresette skal varslast minst 3 veker på førehand.

Barnehagen er til vanleg stengt 4 veker om sommaren

Barnehagen held også stengt frå måndag etter Palmesøndag til og med 2. påskedag og frå lille-julaftan frem til første arbeidsdag i påfølgande år.,

Barnehagen tilbyr følgande opphaldstid per veke:

- 5 dagar (heiltid)
- 4 dagar (deltid) .
- 3 dagar (deltid)
- Barnehagen tilbyr ikkje deltids plassar med kortare opphold en 3 dagar per veke.

## **§ 10 Foreldrebetaling**

Foreldrebetalinga er utrekna på 11 månader. Det vert gjeve søskenmoderasjon, 30% for barn nr. 2, 50% for barn nr. 3 og evt. fleire. Foreldrebetalinga gjeld frå den dato barnet har fått plass. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær, heller ikkje for dagar barnehagen held stengt, utanom sommarferien.

Når foreldrebetalinga uteblir i 2 månader, og det ikkje blir gjort skriftleg betalingsavtale, taper barnet plassen frå den første opningsdagen i komande månad.

Oppseiingstida er 2 månader. Oppseiinga må skje skriftleg innan den 15. i månaden. Dersom plassen vert sagt opp etter 15. februar må det betalast for plassen ut barnehageåret. Ved sjukdom, flytting og liknande, kan det gjerast unntak frå denne regelen.

## **§ 11 Internkontroll.**

Barnehagen skal foreta internkontroll etter gjeldande reglar og forskrifter.

## **§ 12 Teieplikt**

I samsvar med barnehagelova har alle tilsette og andre som handsamar saker for barnehagen, teieplikt om dei forhold dei vertkjent med gjennom arbeid/tillitsverv i barnehagen.

## **§ 13 Endring i vedtekten**

Samarbeidsutvalet og foreldrerådet ved barnehagen kan fremje forslag om endringar i vedtekten til barnehagen. Styret i barnehagen gjer vedtak om endringar.



## Tegning av andeler 2017

Det var i lang tid før stiftelsen av Vike Montessoribarnehage ønske fra Vike Friskule om å starte en barnehage basert på Maria Montessori sine pedagogiske ideer, slik som ved Friskulen. Dette var ikke mulig uten at et eget selskap ble stiftet for å driftet barnehage. Det nyetablerte selskapet hadde også et stort ønske om å kunne oppføre et nytt bygg spesielt tilpasset drift av barnehage.

Det var et stort lokalt engasjement i perioden etter stiftelsen av selskapet og delvis under den kommende byggeperioden. Etter at den nye barnehagen vår stod ferdig og klar til bruk i februar 2011, har svært få andeler blitt tegnet. Slik situasjonen er pr i dag, er det kun unntaksvis at foreldre med barn i barnehagen eier andeler i barnehagen og dermed har stemmerett på årsmøtet.

*«Vike Montessoribarnehage er en privat barnehage, eid og drevet av Vike Montessoribarnehage SA. Vike Montessoribarnehage SA ble stiftet 19. februar 2009, og er et selskap med avgrenset økonomisk ansvar, eid av dets andelshavere. Styret for barnehagen er ansvarlig organ og representerer eierne. Som andelseier hefter man kun med sitt andelsinnskudd. I følge reglene for samvirke, skal hver eier ha en stemme på årsmøtet, uavhengig av antall andeler.»*

Styret mener at det er på tide med en innsats igjen for å øke bevisstheten om muligheten til å kjøpe andeler i barnehagen. Kjøp av andeler i Vike Montessoribarnehage SA er åpent for alle. Det er styret sitt ønske at alle som er ansatt og som har barn i barnehagen får tilbud om å bli medeier i barnehagen vår. Som medeier vil du bidra til å styrke den økonomiske sikkerheten til barnehagen vår, samt ha muligheten til å påvirke driften og fremtiden til barnehagen gjennom din stemme på årsmøtet.

Styret oppfordrer derfor dere foreldre til å kjøpe andelsbrev og dermed bli medeiere i barnehagen til barnet deres.

Med vennlig hilsen  
for Vike Montessoribarnehage SA

Kåre Tommy Vik Talberg  
Styreleder

Beløpet skal betales til: Vike Montessoribarnehage SA  
Kontonummer: 3910.37.07823  
Merk innbetalinga med Andel Vike Montessoribarnehage SA

Pris pr. andel: kr 1000,-